

# Oppsummering dialogmøte

Møtet fann stad på Bømlo kulturhus 18. april 2023 kl 18-20

Til stades frå lag og organisasjonar:

BBUT (Bømlo barne og ungdomsteater), Brandasund Grendalag, Bremnes kvinne- og familielag, Bremnes sogelag, Bremnes skytterlag, Bømlo demensforening, Bømlo høyrslagslag, Bømlo hobbylag, Bømlo husflidslag, Bømlo Janitsjar, Bømlo karateklubb, Bømlo kystlag, Bømlo pensjonistforbund, Bømlo teater, Bømlo tur- og sogelag, Bømlo turlag, Finnås grendautval, Foldrøy aktivitetspark (med medlemmar frå ulike delar av styret), Gutta på tur, Havdur, Ungdomsheimen, Kanaldagane, Trekloveren Grenda & Ungdomslag, Leite Aust vel, Meling krinslag, Meling speidergruppe, Moster grendautval, Moster IL, Rubbestadneset grendautval, Stiftelsen Baadehuset, Ståvo, Sunnhordland padleklubb, Sønstabøvågen Gardslag, The Jokers, KFUK/KFUM og Våge skulemusikklag

Til stades frå Bømlo kommune:

Kommunalsjef oppvekst, kultur, idrett Bjørn Håvard Bjørklund, Kommunalsjef samfunnsutvikling Tone Stavland, Rådgivar kultur og idrett Elisabeth Holme Grønnevik, Rådgivar folkehelse og frivilligheit Lene Borgen Waage, Samfunnsplanleggjar Alf Helge Greker, Kommunikasjonssjef Simon Knutsson Sortland, Biblioteksjef Astrid Drevland, Dagleg leiar Bømlo kulturhus Liv Hege Tveit.

Bjørn Håvard Bjørklund innleia kort før me hadde kafédialog rundt ulike tema knytt til samarbeid mellom lag og organisasjonar og Bømlo kommune. Innspela vil mellom anna bli brukt i utviklinga av kommunedelplan for kultur, idrett og frivilligheit. Under er alle innspela samla.

## Kva kan me gjera for at det skal bli enklare å rekruttera leiarar for aktivitetar og styreverv

Kva kan lag og organisasjonar gjera?

#dugnaderkjekt #sosialt #naboskap

- Framsnakka arbeidet, viktigheita av styreverva for medlemmer og folk rundt i bygdene #dugnaderkjekt
- Bli god på å informera om arbeidet. Ein må vite kva jobb ein går til.
- Ærleg når du spør – forklar rolle og ansvar
- Avklare myter om mykje arbeid/dugnad
- Kva inneber det å vera leiar? Tydeleg informasjon
- Samarbeid med andre organisasjonar og lag, frå nytte av kvarandre sine erfaringar
- Vera synlege, aktive i rekrutteringa i nærområdet
- Prøva å rekruttera privat, snakka med folk personleg
- Ha god overlapping ved overgang til nye leiarar
- Styremedlemmar er innstilte på å ta ansvar for å hjelpa leiaren
- At leiar delegerer oppgåver
- Fordele ansvar
- Vera flinke til å delegera, så alt ikkje fell på styret
- Bruke heile medlemslista – involvera fleire - «Har du lyst til å ha det gøy i lag med oss?»
- Samarbeida om lønna stilling som til dømes «dagleg leiar»
- Rette folk i valkomité – vedtekter
- Samarbeida om deltakarane – tilretteleggja øvingsdag/treningar

- Ufarleggjera roller
- Forenkla

### Kva kan kommunen gjera?

- Kurs og informasjonsmøte om frivillig arbeid i kommunen, om styrearbeid – kva inneber dei ulike rollene? Kanskje kan ein laga ei kopling til næringslivet – korleis rekrutterer dei styreverv?
- Tilby/koordinera kurs i styrearbeid
- Kurs i søknadsskriving
- Invitera seg sjølv til styremøte og informera
- Avgiftsfritak på søknadar til kommune
- Minst mogleg kommunalt byråkrati
- Hjelp med marknadsføring
- Innføra frivillig arbeid som valfag i ungdomsskule og vidaregåande skule. Engasjera ungdommen.
- Leggja til rette for at folk kan bu i utkantane
- Midlar til kompetanseheving
- Bevilga meir pengar til drift
- Fortsetja å tipse om søkemoglegheiter
- Synleggjer effekten av frivillig arbeid
- Tilby kursing – spesielt for organisasjonar som ikkje har økonomi

### Andre

- Politikarar involverer seg i dei ulike laga
- Invitera seg inn i laga sitt arbeidet for å få innsikt og kjennskap til aktivitetar og engasjement i kvart lag
- Bedrifter kan støtte lag og organisasjonar til drift

## Kva prosessar og dialogformer bør me ha for medverknad og dialog med lag og organisasjonar?

### Prosjekt

- Laga felles møteplassar for folk – spesielt ungdom
- Bruka Gamle BUS til nytt allhus
- Nye møteplassar for ungdom
- Fleire dialogmøte
- Folk på Bømlo er bra!

### Kommunikasjon om søknadsfristar, rettleiing og bistand/hjelp

- Forenkling av søknadar
- Samordning av friplassar (gratis tilbod)
- Ønsker tilbakemelding etter dialog – resultat og planar
- Kurs/info/brevmal for søknadsskriving
- Informasjonsbrev med søknadsfristar kjem så seint at laga ikkje klarar å samla styre for å gjennomføra søknaden
- Meir informasjon/e-post – fleire nyheitsbrev
- Betre informasjon om kvar lag og organisasjonar kan registrera seg i kommunen for å komma på e-postlista
- Oppdatert database med alle lag og kontaktpersonar på kommunens nettside

- Tilgjengeleg snarveg på heimesida
- Rettleiing og tips i nyheitsbrev
- Arrangera felleskveldar med hjelp/rettleiing til søknadar
- Målsetting: Besøka lag og organisasjonar. Laga nærkontakt med kommunen.
- Koordinera aktivitetsskalender
- La lag leggja inn sine arrangement i ein felleskalender slik at ikkje ulike arrangement samanfall like lett
- Kan kulturskulen ha ein open kalender der me kan sjå og koordinera med andre arrangement

## I planprosessar

- Kommunen må ha betre utbytingsplanlegging i dei ulike kretsane. Dette med tanke på å oppretthalde dei ulike aktivitetane i bygdene slik at ikkje alt blir samla rundt sentrum. Idrettslag og korps dør ut.
- Reis ut og besøk lag og organisasjonar
- Svare dei som kjem med eit utkast og liknande
- Informera om vidare prosess
- Link til ulike planar sendast i månadleg nyheitsbrev ut til lag
- Dialog som sikrar reell medverknad tidleg
- Sikra mangfald i frivilligheita
- Hopp på – hopp av bussar mellom idrettsanlegga på Bømlo
- Betre kollektivtilbod slik at alle kan ha moglegheit til å delta på aktivitetar (elektrisk minibuss)

## Korleis kan ein byggja ned barrierar for deltaking?

### Kva kan lag og organisasjonar gjera?

- Mogleg for prøveperiode (kulturskule)
- Universell utforming (tilrettelegging for personar med funksjonsnedsettingar)
- Samkøyring/transport
- Spreie kunnskap om laget for å inkludera nye/alle
- Reisa ut og fortelja
- Invitera/Inkludera nye innbyggjarar
- Samarbeid om lokalar og liknande.
- Ha lavterskeltilbod – «opne lokalar»

### Kva kan kommunen gjera?

- Låna ut bilar (9-setarar)
- Bildelingsordning
- Oppdatera informasjonssider + kalender
- Hjelp til med økonomi/transport (for eksempel for nye landsmenn)
- Samordning av aktivitetsskalender – enkel/oppdatert
- Oppdatera kontaktinformasjon på lister over lag for å lettare å ta kontakt for nye
- Fokus på dette i kommunale planar
- Utvida alder for fritidskortet
- Fritidskortet for 6-10 år også

### Kva kan/må andre gjera?

- Fortsetja med fritidskortet, men utvida til 18 år
- Endra vilkår for fritidskortet
- Laga kan ha «fri plassar» for deltaking

- Mangfald i lag og organisasjonar
- Invitera inn alle nytilflytta

## Kva rolle kan lag og organisasjonar ha for at Bømlo skal vera ein god plass å bu og vera?

- Inkludera
- Samarbeid mellom lag og organisasjonar
- Heimesida til kommunen må ha tydeleg lenkje til oversikt over tilboda
- Ikkje gløyma utkantane – motverka fråflytting
- Ikkje gløyma dei «godt vaksne»
- Tilbod til alle – både alder og interesse
- Vera tilgjengelege og synlege
- Stor rolle for integrering – skapa samhald – fellesskap – trygghet og tilhøyre
- Trivsel
- Personleg utvikling
- Skapa eit levande samfunn
- Påverka/skapa betre kollektivtilbod
- Informasjon om tilbod til nytilflytta – ein foldar + nettside – hurtigtast på nettsida
- Skapa gode møteplassar på tvers av generasjonar
- Fellesarrangement – god dugnadsånd – fellesskap
- Støtteordningar til nye medlemmar med dårleg råd
- Medbestemmelsesrett i kommunale prosessar og planar
- Løfte lokalhistoria og gjera den kjent – informera
- Ta imot nye sambygdingar, fortelja om kva ein driv med og ønske dei velkommen
- Om lag og organisasjonar kan ha moglegheit til å kunne utvikla seg i nærmiljøa, slik at alt ikkje blir flytta sentralT
- Bidra til gode oppvekstmiljø
- Driva godt barne- og ungdomsarbeid
- Hjelp dei som treng hjelp til å bruka fritidskort
- Melde behov til kommunen om økt støtte til medlemskap
- Høyringsinstans
- Gi tilbakemelding til kommunen
- Å vera synleg
- Å ha ei oppdatert liste over alle organisasjonar og aktivitetar på Bømlo
- Gje noko tilbake til samfunnet – til dømes dugnadsarbeid, rydde stiar, setja ut bord
- Lokale oppslagstavler for å informera
- Inkluderande
- Å skapa møteplassar for å møte folk
- Moglegheit til å etablera nettverk og skapa relasjonar
- Samarbeid mellom organisasjonar

## Korleis legg me til rette for møteplassar, levande nærmiljø, offentlege rom og stader?

### Kva kan lag og organisasjonar gjera?

- Bygda sine plassar er tilgjengelege for andre enn hovudeigaren (t.d. bedehus, idrettshallar)
- Vidareutvikla eksisterande anlegg

- Samarbeide tettare mellom lag og organisasjonar med t.d. lokalar og stillingar
- Bidra til betre folkehelse
- Bidra med dugnad
- Be om hjelp frå kommunen
- Vedlikehalde nettsider med oppdatert informasjon
- Samskaping, samarbeida tettare, spele kvarandre gode
- Dela/tilby lokalar
- Samarbeid om lokale og andre uteområde
- Byggja/tilretteleggja uteområde
- Stilla med folk
- Samarbeida om å laga nye møteplassar
- Spreie kunnskap om å laga nye møteplassar
- Spreie kunnskap om laget, lokalar og aktivitetar
- Passe på at ein har informasjon om sitt lag/organisasjon på kommunen sine sider

### Kva kan kommunen gjera?

- Koordinera forslag til bruk av lokalar/møteplassar – informera alle lag om moglege lokalar
- Finne plassar der ein kan søkja støtte
- Moglegheit for å søkja om driftsmidlar
- Betre kollektivtilbod
- Leggja til rette for eigne øvingsrom/lokalar for større orkester
- Lite byråkrati
- Hjepla med søknadar
- Moglegheit for å få låna utstyr på skular/kommune
- Oppretta møteplassar på Gamle BUS – lag kan få kvar sine rom – frivilligheita sitt hus – forslag til hamn
- Rydde opp i eigarforhold/driftsforhold rundt uteområde banar på skular osv
- Fjerne kostnader med søknadar relatert til lag og organisasjonar
- Synleggjera søknadsstadar og tidsfristar
- Informera om tidsfristar tidlegare
- Synleg side på Bømlo kommune der folk finn informasjon om kva som finns i kommunen av aktivitetar
- Laga eit «frivilligheita sitt hus» av gamle BUS. Mange lag manglar hus til å samlast i. ungdom manglar stad å vera saman, manglar ungdomsklubb og øvelokale
- Tilretteleggja for at organisasjonar kan nytta gamle BUS og elles skular. Bømlohallen er for heile Bømlo kommune, ikkje berre Bremnes idrettslag
- Allbrukshus
- Opne lokalar
- Fritak for avgifter og begyr for lag og organisasjonar som skapar nærmiljøanlegg

### Er det andre som også bidreg?

- Bedrifter og sponsormidlar
- Legat/gåver
- Eldsjeler
- Bedriftene må fortsetja med dei gode bidraga til lag og organisasjonar
- Finnås kraftlag kan ha billig straum til lag og organisasjonar
- Private grunneigarar kan tilretteleggja
- Selja materialar til kostpris

- Frivillighetssentralen leier ut utstyr